B. 1

## Søknad om dispensasjon

Knarvik 08.01.2014

Søkjer om dispensajon frå «Mellombels forbod mot tiltak innafor plangrensa til områdeplan for Knarvik sentrum» vedtatt i plan-miljøutvalet i sak PS 132/10.

Etablering av omsøkte bru er eit bygningsmessig lite tiltak som ikkje krev naturinngrep i form av graving eller sprengning. Om framtidige planar skulle krevja det vil ei fjerning av tiltaket vera kurant å få til. Tiltaket i seg sjølv er eit forsøk på å hindra at måkene hekkar på holmen som ligg svært nær den etablerte busetnaden. Mange klagar på støy frå måkene og dette har utvikla seg til eit aukande trivselsproblem og har for enkelte resultert i helsemessige konsekvensar.

Vedtaket om midlertidig forbod i Plan-og miljøutvalet viser til tiltak som kan hindra eller komplisera planarbeidet innafor plangrensa til områdeplan for Knarvik sentrum. Me kan ikkje sjå at dette er tilfelle for omsøkte tiltak, og ber om at søknaden vert lagt fram for Plan –og miljøutvalget så snart som mogleg.

Avdeling for eigedom

Einar Færø

LINDÅS KOMMUNE
Eigedomsavdeling
TLF.: 56 37 50 00 - Fax: 56 37 50 01
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE
Klassering 188/116
8 - 01. 2014
Ark. saksnr. 2014/67
Løpenr.
Saksh.
Tilgangskode